

SYKKYLVEN ENERGI AS
Haugsetvegen 33
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 17.04.2023

Vår ref.: 202301218-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sykkylven Energi AS, Dam Storevatn i Riksheimvassdraget - godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering

Vi viser til dykkar søknad om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Storevatn, datert 23.2.2023.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 23.2.2023 for rehabilitering av Dam Storevatn i Riksheimvassdraget i Sykkylven kommune.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet,
- Verksemda må utabeide detaljar for arrangement for lekasjemåling for NVE si godkjenning før arbeidet med dette tek til,
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal.](#)

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjon gitt veg kgl.res av 23.9.1938. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 23.9.2023 post nr 12.

Tilsyn

NVE fører tilsyn med anlegg som er gitt konsesjon etter vassdragslovgjevinga, og kan mellom anna følgje opp anlegget med inspeksjonar.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden



Verksemda skriv mellom anna slikt samandrag i detaljplanen:

Sykkylven kommune fikk den 23.09.1938 konsesjon til å regulere Storevatn med en reguleringshøyde på 29 m (LRV 703 og HRV 732). Dammen eies i dag av Sykkylven Energi AS og er en tørrmurt steindam med oppstrøms tetning av torv, bygget i 1920. I 1999 ble dammen påstøpt en frontalplante og damkrone. Under revurdering av dammen i 2021 ble det avdekket flere avvik fra krav i forskrift 18. desember 2009 nr. 1600 om sikkerhet ved vassdragsanlegg med tilhørende veileder (damsikkerhetsforskriften). Sykkylven Energi AS ønsker å utbedre avvikene for å oppfylle kravene i damsikkerhetsforskriften.

For å utbedre avvikene, ønsker Sykkylven Energi AS å gjennomføre et påstøp på fundamentet for dagens fjellbolter, videre vil nye fjellbolter festes til det nye fundamentet. Det vil også bli gjennomført et påstøp på brystning for å øke høyden med 30 cm. Brystningen vil også forlenges med omtrent 10 meter. Det er også planlagt å etablere et enkelt lekkasjemålingsarrangement omtrent 70 m nedstrøms dammen.

Denne detaljplanen for miljø og landskap beskriver hvordan disse tiltakene er planlagt utført, og hvordan hensyn til miljø og landskap ivaretas både i bygge- og driftsfasen. Det vil bli lagt vekt på landskaps-/terrengtilpasning av inngrep og naturlig revegetering av anleggsområder. Dette innebærer spesielt revegetering av midlertidig berørt områder.

Detaljplanen

Detaljplanen vart sendt på høyring i vår oversending datert 1.3.2023. Vi har motteke fråsegn frå Sykkylven kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Fråsegner

Sykkylven kommune gjev slik fråsegn i brev datert 28.3.2023:

«I kommuneplanen er område avsett til landbruk, natur og friluft. I detaljplanen blir det skildra både permanente og midlertidige tiltak. Dei midlertidige tiltaka er i stor grad naudsynt for å realisere dei permanente tiltaka på dammen og det nye lekkasjemålingsarrangementet. Sidan det i dag allereie er oppført ein dam med tilhøyrande infrastruktur så vil ikkje området endre vesentleg karakter med dei permanente tiltaka som er planlagt. Kommunen saknar ei skisse eller dimensjonar på lekkasjemålingsarrangementet 70 meter nedstrøms dammen, men reknar med at ein vil tilstrebe å tilpasse denne til terrenget og omgjevnadane i best mogleg grad.

Slik kommunen vurderer det er det dei midlertidige tiltaka med riggområde og traseen som maskiner skal fraktast inn på som vil gje dei største synlege inngrepa på vegetasjonen i området. Kommunen vil difor påpeike at det er viktig at revegetasjonsplanen blir fulgt. De same med tiltak for å redusere avfall og forureining. Kommunen vurderer at detaljplanen skisserer gode løysingar for at sår i terrenget på sikt bli ført tilbake til opphavleg stand.

Kommunen vurderer at tiltaka som no skal gjerast i tilknytning til dammen, ikkje er i strid med LNF-formålet i kommuneplanen, forutsett at detaljplanen følgjas i bygge- og tilstillingsfasen.»

Møre og Romsdal fylkeskommune gjev slike innspel i si fråsegn, datert 11.4.2023:



INNSPEL TIL PLANARBEIDET

«Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i Fylkestinget 7. desember 2021, og sav KMD 31.10. 2022. Regional vassforvaltningsplan sett miljømål i vassførekomst i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging. I planen er arbeidet avløp særleg prioritert, da avløp er ei av dei største påverknadane i regionen.

Vatn har også fått ein tydelegare plass i «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023». Meir informasjon finn du HER. 19. mars 2019 kom i tillegg nasjonale føringar for vassforvaltninga. Her er det lagt tydelege føringar for kommunens arbeid innafor avløp, drikkevatt, arealforvaltning og landbruk m.m.

Vassforvaltningsplana skal leggest til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl §8-2 og vassforskrifta §29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Gjer kommunen løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må kommunen behandle tiltaket etter vassforskrifta § 12.

Tiltaket vil få følger for vassførekomsten Storevatn (097-1954-L). Dette er ein sterkt modifisert vassførekomst som følge av dammen. Miljømål for vassførekomsten er i følge vann-nett god økologisk tilstand. Det er registrert godt økologisk potensial, men det er mangel på informasjon for vassførekomsten.

Det er viktig at tar omsyn til vassmiljø i si utforming.

Det går ikkje fram av dokument om det er fisk i vatnet og eventuelt gyteheve. Er det fisk i vatnet må fiskevandring bli ivareteke i utforminga av kanal.

KONKLUSJON

Ber om at merknad ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare behandlinga av planen.»

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skriv slik i si fråsegn datert 12.4.2023:

Dam Storevatn skal rehabiliterast i hovudtrekk ved å gjennomføre eit påstøp på fundamentet for dagens fjellboltar. Vidare vil det bli gjennomført eit påstøp på brystning for å auke høgda med 30 cm. Brystninga blir også forlenga med 10 m. Nedstraums dammen skal det etablerast eit lekkasjemålingsarrangement.

Vi kjenner ikkje til registrerte natur- eller friluftsverdiar ut over det som er skissert i detaljplanen. Vi føreset at ein legg opp til å gjennomføre arbeidet på ein måte som set minst mogleg spor i landskapet. Det er laga ein revegeteringsplan som tar sikte på å framskande revegeteringa. Dette er positivt. Vi føreset at anleggsutstyr blir reingjort før inntransport til området for å hindre introduksjon av framande artar. Det skal også utarbeidast eigen beredskapsplan for akutt forureining.



Med utgangspunkt i dei avbøtande tiltaka som er skissert i detaljplanen har vi ut over dette ikkje vesentlege merknader til tiltaket.»

NVE si vurdering av fråsegnene

Sykkylven kommune peikar på og minner om viktige forhold som er beskrive i detaljplanen og som forutset vert fylgt i byggefasen. Vidare har kommunen peika på at detaljplanen manglar skisse eller dimensjonar på arrangement for lekkasjemåling og forutset at verksemda tilstrebar å tilpasse denne til terrenget og omgjevnadane i best mogleg grad. På bakgrunn av dette har NVE funne grunn til å setje vilkår om at detaljar for arrangement for lekkasjemåling vert sendt NVE for avklaring om krav til godkjenning. Kopi av planen skal sendast til kommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner i si fråsegn at tiltaket vil få konsekvensar for vassførekomsten Storevatn og at vassførekomsten er å rekne som sterkt modifisert vassførekomst som følgje av dammen. Fylkeskommunen skriv vidare at ein som hovudregel ikkje skal gje løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje vert nådd, eller at tilstanden vert dårlegare. Etter NVE si vurdering er ikkje omsøkt tiltak å rekne som nytt inngrep, men eit tiltak for å ta i vare gjeldande krav til sikkerhet på eksisterande anlegg, jf damsikkerhetsforskriften. Storevatnet er eit reguleringsmagasin med løyve gitt ved kgl.res av 23.9.2023 og med ei regulering mellom LRV kote 703 og HRV kote 732. Etter NVE si vurdering treng ein soleis ikkje vurdere tiltaket etter vassforskrifta § 12.

Utover dette ber vi konsesjonæren setje seg inn i og rette seg etter fråsegnene som er gitt.

Vurdering av flaum og skredfare

Verksemda har omtala dette slik, i pkt 3.3 i detaljplanen: *I følge NVE's skredkart, er det ingen faresoner eller aktsomhetsområder i tiltaksområdet. Det er ikke registrert tidligere skred i området. Det anses å være liten fare for jordskred i området, grunnet skrint jordsmonn. Det fins noen brattere partier øst for tiltaksområdet, ved fjellet Keipen. Fare for snø- og jordskred må vurderes av entreprenør før anleggsarbeid igangsettes.*

NVE minner om konsesjonæren sitt sjølvstendige ansvar for å gjere naudsynte vurderingar og evt setje i verk turvande tiltak knytt til dette.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverknader, er basert på den informasjonen de har lagt fram i detaljplanen, fråsegner vi har motteke, og våre erfaringar. Vi har søkt i Naturbase og Artskart den 12.4.2023. Vi har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere tiltaket og verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om dei verknadene tiltaket kan ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem difor ikkje i bruk.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til



Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om damsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida.

Privatrettslege rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Sykkylven kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Sykkylven kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Godkjent av Mari Hegg Gundersen
Seksjonssjef

Kristian Markegård
Direktør

Mottakarliste:



SYKKYLVEN ENERGI AS

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.